

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Helse Vest RHF, Møterom Tinghaug, Stavanger

MØTETIDSPUNKT: 06.12. 2022, Kl. 1630 – 1900 og 07.12.2022 Kl. 0900 - 1600

Styremøte er ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Anne Karin Hamre	Medlem
Oddvar Kaarbøe	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Tord Anton Haaland	Medlem
Egil Olsen	Medlem
Wenche Kristin Røkenes (deltok 6. des.)	Medlem
Marie Skontorp	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerande
direktør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi
Erik M. Hansen, e-helse direktør
Bjørn Egil Vikse, fagdirektør
Torunn Nilsen, styresekretær

Sak 112/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse.

Styret si eignevaluering og vurdering av administrerande direktør blei behandla etterkant av styremøtet i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd nr. 1.

Forfall:

Wenche Kristin Røkenes måtte melde forfall til styremøtet 7. desember.

Dokument som er ettersendt:

Følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet
- Rapportering frå verksemda per oktober 2022
- Oppnemning av regionalt brukarutval
- Oppdragsdokument felleseigde selskap
- Nasjonal framskrivingsmodell psykisk helsevern og rus
- Oppdatert styresak Økonomisk langtidsplan (2 tabellar er korrigert)

Saker til eventuelt:

- Luftambulanse – oppkjøp (GB) Saka blir orientert om under AD si orientering.
- Tilleggsavtale for administrerande direktør i Helse Vest RHF (AL) Saka blir behandla i samband med sak 134/22 Vurdering av administrerande direktør og regulering av lønn.
- Habilitering – Barnas fysioterapisenter i Bergen (OJH)
- Anskaffingsprosessen på kjøp av tenester innan habilitering og rehabilitering er utsett i 6 mnd. Helse Vest har inngått avtale om å kjøpe tenester frå Barnas fysioterapisenter i 6 mnd. fram til anskaffinga er avklart.
- Kjøp av Helsetenester

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blir godkjent.

Sak 113/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 02.11.2022

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 02.11.2022.

Sak 114/22 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrerende direktør orienterte om tilsyn frå Statens Helsetilsyn i Helse Bergen og Helse Stavanger knytt til NORWAIT-studien.

Statsforvaltaren i Vestland har oppretta tilsynssak knytt til NORWAIT-studien.

Statens helsetilsyn har komme til at Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus har brote --kravet til forsvarlegheit i medisinsk og helsefagleg forskning og kravet om internkontroll, jf. helseforskinslova §§ 5 og 6 og tilhøyrande forskrift §§ 3-5 i samband med forskingsprosjektet «Watch and wait – ved komplett klinisk respons etter neoadjuvant stråling for endetarmskreft» (Norwait-studien).

Statens helsetilsyn har funne det nødvendig å pålegge stans av Norwait-studien ved Helse Bergen HF, jf. helseforskinslova § 51. Videre pålegg dei Helse Bergen HF å slette personopplysningar som er innhenta i samband med forskings-prosjektet og å tilby pasientane som er inkludert i forskingsprosjektet ein ny, ekstern vurdering.

Helsetilsynet har konkludert med at Helse Bergen ikkje har følgd opp lokal studieleiar/prosjektmedarbeidar og gjennomføring av prosjektet i samsvar med regelverket. Pasientar er inkludert i strid med godkjent forskingsprotokoll, og forskinga har vore uforsvarleg.

Helse Bergen må:

- setje i verk tiltak for å sikre at pågåande og framtidige forskingsprosjekt blir forsvarleg organisert, gjennomført og følgd opp i samsvar med regelverk om helseforskning.
- sende inn nye rutinar/skriftlege retningslinjer som er innført i føretaket for å sikre nemnte formål, og dokumentasjon som visar korleis desse blir innført i føretaket.
- gå gjennom alle forskingsprosjekt som for tida gjennomførast ved Kirurgisk klinikk og gjere greie for om føretaket følgjar forskingsprotokollen og forhandsgodkjenning/vilkår frå REK.
- gjere greie for korleis føretaket følgjar med på at leiarar som er delegert oppgåva med oppfølging av forskingsprosjekt (nivå 2-leiarar) gjennomfører oppgåva.

Svarfrist 31.12.2022

Statens helsetilsyn har komme til at Helse Stavanger HF, Stavanger universitetssjukehus har brote kravet til forsvarlegheit i medisinsk og helsefagleg

forsking og kravet om internkontroll, jf. helseforsningslova §§ 5 og 6 og tilhøyrande forskrift §§ 3-5 i samband med forskingsprosjektet «Watch and wait – ved komplett klinisk respons etter neoadjuvant stråling for endetarmskreft» (Norwait-studien).

Statens helsetilsyn har konkludert med at denne saka har vist at helseføretaket ikkje har ivaretatt sitt ansvar som koordinerande forskingsansvarleg og ikkje har følgd opp prosjektleiar og gjennomføringa av studien i samsvar med regelverket. Saka har også vist at Helse Stavanger manglar eit system for å følgje med på gjennomføringa av multisenterstudier som verksemda har ansvar for eller er involvert i.

Helse Stavanger må:

- gjere greie for føretaket si involvering i andre multisenterstudiar
- gjere greie for korleis føretaket skal sikre at noverande og framtidige multisenterstudiar blir forsvarleg organisert, følgd opp og gjennomført i samsvar med regelverk om helseforsking
- etablere nye rutinar/skriftlege retningslinjer som visar korleis føretaket skal sikre at det ovannemnte blir innført i føretaket

Svarfrist 31.12.2022

Det vil som ein vidare oppfølging av denne saka bli etablert standardiserte regionale internkontrollrutinar for å sikre at dette ikkje skjer igjen. Saka blir følgd opp både frå RHF-et, forskingsadministrativt og med internkontroll. Styret vil bli orienterte om endeleg rapport.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Status beredskap

Administrerande direktør orienterte om forhold knytt til beredskap både i forhold til Covid/Influenta/ RS-virus og forhold knytt til krigen i Ukraina.

I tillegg til aukande smitte og press på sjukehusa, er det mellom anna utfordringar framover knytt til forsyningssikkerheit på fleire område, straum, helseberedskap internasjonalt, blodberedskap, risiko for atomhendingar m.m.

Helse Vest RHF aukar bemanninga på beredskapsområdet med eit årsverk.

6. Luftambulanse – oppkjøp (saka var meldt inn av Gunnar Berge)

Det er inngått avtale om eigarskifte for **Babcock** Scandinavian AirAmbulance (Selskapet som RHF-a har avtale med knytt til ambulansefly) Ancala Partners tar over ambulanseflyverksemda mellom anna i Norge.

Den reelle eigaren av selskapet er ukjent. Ancala er ein britisk fondsforvaltar. Ancala har ikkje ønska å oppgi kva for fond som skal eige dei norske ambulansefly.

Advokatfirmaet Bahr har etter ønske frå Helse- og omsorgsdepartementet gjennomført ein risikovurdering. Det er ikkje funne noko ulovleg eller handlingsrom for å stoppe oppkjøpet.

Styret vil bli informert dersom det oppstår ny utvikling i saka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 115/22 Rapportering frå verksemda per oktober 2022

Oppsummering

Saka presenterer rapportering frå verksemda per 31. oktober 2022. Saka har ikkje tatt omsyn til konsekvensane av nysalderinga pr 25.11.22. Det blir gjort greie for i eigen sak.

Målekort

Målekort Helse Vest - oktober 2022		Nasjonale mål	Denne periode		Mål oppnåelse	Hittil i år		Mål oppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	68	50		66	50	
	Ventetid - VOP	45	45	40		49	40	
	Ventetid - BUP	40	49	35		55	35	
	Ventetid - TSB	35	29	30		28	30	
Andel kontakter passert planlagt tid		14,70 %						
* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer		70 %				73 %		
Korridorpasienter somatikk		1,80 %						
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret
Somatikk	Døgnoophold		13 811	14 296	-3,4 %	135 706	134 548	0,9 %
	Dagopphold		5 558	5 590	-0,6 %	54 356	54 128	0,4 %
	Poliklinikk		119 158	112 462	6,0 %	1 109 266	1 102 363	0,6 %
Psykiatri	Døgnoophold		803	862	-6,8 %	8 136	8 287	-1,8 %
	Dagopphold		113	84	34,5 %	865	742	16,6 %
	Poliklinikk		43 574	43 538	0,1 %	410 435	405 764	1,2 %
TSB	Døgnoophold (ekskl. private)		129	120	7,5 %	1 210	1 225	-1,2 %
	Dagopphold		0	1	-100,0 %	15	15	0,0 %
	Poliklinikk		7 926	7 923	0,0 %	74 310	81 523	-8,8 %
Bemanning	Brutto månedsværk		24 776	24 701	0,3 %	24 182	24 056	0,5 %
	Sykefravær	5,5 %	7,6 %	8,6 %		8,5 %	7,6 %	
			Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik
Økonomi	Resultat		-72 493	51 920	-124 413	-9 753	550 797	-560 550

Ventetider innan somatikk, psykisk helsevern vaksne og psykisk helsevern barn og unge viser ein liten forbetring. Arbeidet med å redusere ventetider og sikre god prioritering har høg merksemd i føretaka.

Ventetidene er framleis høge, og som for førre månad, er det berre for tverrfagleg spesialisert rusbehandling Helse Vest når målet. Ventetida innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) er høge, men alle helseføretaka har ei betring i ventetida målt mot september.

Prioriteringsregelen blei ikkje oppnådd innan TSB, medan den polikliniske aktivitetsveksten er høgare innan psykisk helsevern enn somatikken, når ein samanliknar den polikliniske aktiviteten i 2022 med 2021.

Føretaka har framleis store utfordringar med økonomien, og det er store negative resultatavvik i føretaka i oktober. I førre rapportering såg ein tendens til ei betring i den negative trenda, men det ser ein ikkje i oktober. Føretaka har aukande negative budsjettavvik som relaterer seg til auke i løns- og prisvekst, løn- og personalkostnader som følgje av sjukefråvær og vanskar i rekruttering og høge energikostnader for å nemne dei største årsakene.

Administrerande direktør vurderer at alle fire helseføretak har iverksett ei rekke tiltak for å redusere kostnadsnivået. Det rapporterst jamleg til lokale styre på oppfølging av desse.

Situasjonen til helseføretaka er framleis krevjande, og det vil vere tett oppfølging og dialog mellom leiinga i føretaka og Helse Vest RHF om den økonomiske situasjonen også i månadene som kjem. Det er nødvendig for evna til å finansiere investeringar at føretaka forbetrar sine resultat. Det er derfor særskilt viktig å prioritere gjennomføringa av riktige tiltak, og sikre god oversikt over økonomiske effektar som følgje av disse i tida framover.

Styret peika på at ein må ha særleg merksemd på ventetid og fristbrot i Helse Fonna HF

Det blir no arbeidd med ein strategisk plan for digitale helsetenester i Helse Vest. Strategidokumentet vil bli lagt fram for styret.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. oktober 2022 til etterretning.
2. Styret merka seg at det er store negative resultat i HF-a i oktober, og er bekymra for konsekvensar av høgt avviksnivå. Det økonomiske resultatet er avgjerande for evna til å gjennomføre investeringar. Styret ber derfor om at HF-a har høg merksemd på å gjennomføre tiltak som kan betre resultata inn i 2023.

Sak 116/22 Regional utviklingsplan for Helse Vest 2023 – 2035

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt dei regionale helseføretaka oppdraget med å utarbeide regionale utviklingsplanar innan utgangen av 2022. I tillegg til å vere ein overordna plan for dei enkelte regionale helseføretaka, vil planane inngå som grunnlag for og gi innspel til den kommande nasjonale helse- og samhandlingsplanen.

Strategien og den gjeldande utviklingsplanen til Helse Vest har lege til grunn for revideringa av utviklingsplanen. Ein del av innhaldet er derfor til å kjenne igjen, samtidig som det er vesentleg supplert og oppdatert. Utviklingsplanen er òg utarbeidd i eit nytt, digitalt format, med ei rekkje element som fungerer som felles grunnlag for nye planar i Helse Vest.

Den nye utviklingsplanen har vore på høyring i perioden 12. september – 24. oktober. Gjennom dei 19 høyringssvara har vi fått rundt 150 innspel. Planinnhaldet og planformatet er i all hovudsak godt mottatt. Prosjektet har samtidig vurdert alle høyringssvara og innspela som har kome i prosessen, og oppdatert utviklingsplanen basert på desse. Fleire av innspela rettar seg mot innhaldet i tiltaksplanen, og blir derfor tatt med vidare i arbeidet med denne. Prosjektet ser føre seg å leggje fram tiltaksplanen til behandling i styret før sommaren 2023.

I møtet 15. november 2022 bad styringsgruppa prosjektet om å sende den regionale utviklingsplanen til styret i Helse Vest for endeleg godkjenning. De finn planen ved å følgje denne lenkja: <https://www.nestegenerasjonplan.no/ny-regional-utviklingsplan-2023-2035>

Dei lokale utviklingsplanane er lagt fram for styret i ei eiga sak.

Styret vedtek:

- **Hovudretninga** i utviklingsplanen, slik som
 - Visjon, verdier og overordna mål
 - Hovudtema med hovudmål, innsatsområde med strategisk mål og utviklingsretning
 - Tiltaksplan (våren 2023)
 - Hovudstrukturen i plansystemet i Helse Vest
- **Vesentlege eller prinsipielle** endringar

Styret får en **årleg rapportering** om status og orientering om mindre endringar og implikasjonar av desse

Innspel frå styret:

- Satsingsområde i rapport om samfunnsansvar og FN sine bærekraftmål bør omtalast i regional utviklingsplan

- Spesialisthelsetenesta sitt ansvar for samhandling med dei kommunale helse- og omsorgstenestene bør gå tydeleg fram av utviklingsplanen
- Førebygging av god helse bør omtalast
- Prioritering av barn og unge må gå tydeleg fram
- Pårørande bør involverast i sterkare grad
- Tiltak for å behalde medarbeidarar bør ha høg prioritet

Tiltaksplan vil vere arena for å fange opp ein del av dei innspela som kom i høyringsuttalene og i styret.

Vedtak (samrøystes)

Styret gav sin tilslutning til Regional utviklingsplan 2023–2035 og ber om at planen blir send Helse- og omsorgsdepartementet, med dei merknadar som kom fram i møte.

Sak 117/22 Status for regional handlingsplan for Informasjonssikkerheit

Oppsummering

Riksrevisjonen gjennomførte i 2019/2020 ein forvaltingsrevisjon i alle dei 4 regionale helseføretaka for å kartlegge førebygging mot angrep mot sine IKT-system. Riksrevisjonen la fram sin rapport etter revisjonen 15.12.2020.

Helse- og omsorgsdepartementet fylgde opp Riksrevisjonen sin revisjon med krav knytt til dei regionale helseføretaka i føretaksmøtet 14.01.2021, jf. fylgjande;

«Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å:

- *utvikle ein regional handlingsplan for arbeidet med informasjonstryggleiksikkerheit som og omfattar langsiktige tiltak. Planen skal presenterast på felles tertialoppfølgingsmøte i oktober 2021.»*

Denne saka er gir ein status for gjennomføring av «Regional handlingsplan for informasjonssikkerheit i Helse Vest». Status skal presenterast for departementet i felles oppfølgingsmøte i 24. november 2022, og styresaka skal sendast til HOD etter handsaming i styret i Helse Vest RHF, jf. fylgjande frå føretaksprotokollen for Helse Vest RHF datert 14.01.2022;

«Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å:

- *rapportere på arbeidet med dei regionale handlingsplanane for det systematiske arbeidet med å styrke informasjonssikkerheita, og med å lukke dei sårbarheitene som Riksrevisjonen si undersøking avdekkar innan utgangen av 2022.»*

Arbeidet med informasjonssikkerheit er eit kontinuerleg arbeid for å sikre at personell har tilgang til relevant informasjon på rett tid og stad, sikre integriteten i informasjonen og unngå truslar knytt til konfidensialitet.

Informasjonstryggleik er på agendaen kvar dag i Helse Vest. Sjølv om den regionale handlingsplanen gjev eit løft i 2022 og 2023, er det også viktig å erkjenne at dette er eit arbeid utan tidshorisont og ende. IKT-systema våre blir stadig utsett for angrep – kvar dag, året

rundt. Dette viser at informasjonstryggleik krev eit kontinuerleg arbeid, der kvar dag kan gje nye, uventa utfordringar.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tar status for arbeidet med gjennomføring av Regional handlingsplan for Informasjonssikkerheit i Helse Vest til etterretning.
2. Styret ber administrasjonen sende kopi av styresak om Status for regional handlingsplan for Informasjonssikkerheit i Helse Vest til Helse- og omsorgsdepartementet i tråd med krav gitt i føretaksprotokollen av 14.01.2022.

Sak 118/22 Fordeling av resterande budsjettmidlar i 2022 samt fordeling av midlar i Omgrupperingsproposisjon

Oppsummering

Helse Vest RHF har i budsjettopplegget for 2022 fordelt hovuddelen av midlar til helseføretaka gjennom Konsernbudsjettsaka frå februarmøtet samt sak om Revidert nasjonalbudsjett som blei behandla i junimøtet. Det er likevel nokon forhold som ikkje er tatt endeleg stilling til i dei ordinære budsjettsakene og som administrerande direktør nå ønske å legge fram til behandling i styret.

Dette gjelder følgjande forhold:

- Rentekompensasjon til Helse Fonna
- Verksemdoverdraging palliativ sengepost til Helse Bergen
- Fordeling av resterande Covid 19 midlar til dei private ideelle og eigne helseføretak
- TSB i Helse Stavanger

Regjeringa la den 25. november 2022 fram Nysalderingsproposisjon for 2022 Prop. 19 S (2022-2023) med bl.a. endring av basisramma for dei regionale helseføretaka i 2022. Basisramma for 2022 blir som følgje av dette auka opp med 2,5 mrd. kroner. Dette blir gjort for å sikre at sjukehusa kan forta heilt nødvendige investeringar og for å verne psykisk helsevern. Det er og gitt ei auke i øyremerkta tilskot til behandling av Medevac-pasientar (medisinsk evakuering av pasientar frå Ukraina) med til saman 140 mill. kroner i 2022. Desse midla er ikkje fordelt enno og Helse Vest vil derfor komme tilbake til dette på eit seinare tidspunkt.

Administrerande direktør vil med denne saka legge fram forslag til fordeling og disponering av dei aktuelle midla for 2022.

Vedtak (samrøystes)

1. Helse Fonna får tildelt 13 mill. kroner i kompensasjon for auka rentekostnader i 2022 for følgje av fastrenteavtale. Kompensasjonen blir ikkje vidareført i 2023.

2. Helse Bergen får auka si basisramme med ein årseffekt på 5,2 mill. kroner relatert til palliativ sengepost. Sum basisramme for denne funksjonen utgjer då 12,7 mill. kroner. I tillegg kommer aktivitetsbaserte inntekter.

Basisramma for 2022 blir auka med 4,3 mill. kroner som svarer til 10 månaders drift.

3. Administrerende direktør får fullmakt til å fordele resterande 26,480 mill. kroner av øyremerkte midlar til Covid 19 til dei private ideelle basert på kartlagt økonomisk konsekvens.

Resterande Covid 19 midlar blir fordelt til helseføretaka som øyremerka midlar (tal i heile tusen kroner):

Helse Stavanger	1 047
Helse Fonna	520
Helse Bergen	1 580
Helse Førde	374

4. TSB i Helse Stavanger
Helse Stavanger får auka basisramma i 2022 med 3,250 mill. kroner for å opprette ei akuttlinje TSB.
5. Auka basisramme i Omgrupperingsproposisjon på 477,4 mill. kroner blir fordelt som følgjer (tal i heile tusen kroner) Dette skal gje rom for heilt nødvendige investeringar og vedlikehald neste år, slik at våre felles helsetenester framleis kan gje god velferd uavhengig av adresse og lommebok og sette sjukehusa i betre stand til å følgje opp prioriterte grupper, og i særleg grad psykisk helsevern:

Helse Stavanger	133 039
Helse Fonna	66 096
Helse Bergen	200 790
Helse Førde	47 476
Kjøp av helsetenester	30 000

Sak 119/22 Justert Økonomisk langtidsplan 2023-2027

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møte den 13.06.2022 sak 060/22 Økonomisk langtidsplan 2023-2027. Det blei i denne saka mellom anna fatta følgjande vedtak:

«Styret ber om ei konsekvensvurdering av at ikkje alle ønsker om økonomiske rammer til investeringar kan innfriast saman med ei ny vurdering av realismen i denne ØLP i forkant av budsjettprosessen 2023 hausten 2022. Konsekvensen kan bli at enkelte investeringar i denne

rulleringa må bli redusert eller satt på pause til ein har fått ei nærmare avklaring på korleis ein skal handtere risiko og finansiering. Styret ber om at dette blir lagt fram som eigen sak.»

Den 6. oktober blei forslag til statsbudsjett 2023 lagt fram. Dette var eit særdeles stramt budsjettforslag som gir ytterlegare utfordringar i forhold til gjennomføring av ØLP som framlagt i junimøtet.

Regjeringa la den 25. november 2022 fram Nysalderingsproposisjon for 2022 - Prop. 19 S (2022-2023) med bl.a. endring av basisramma for dei regionale helseføretaka i 2022. Basisramma for 2022 blir som følgje av dette auka opp med 2,5 mrd. kroner. Dette blir gjort for å sikre at sjukehusa kan forta heilt nødvendige investeringar og for å verne psykisk helsevern. For Helse Vest inneber dette ei auke i basisramma for 2022 på 477,4 mill. kroner. Denne tildelinga er ikkje innarbeida i denne saka. Tildelinga vil lette likviditetssituasjonen men vil likevel ikkje endre dei langsiktige økonomiske rammene. Hovudtilnærminga i denne saka med å forskyve på investeringar for å tilpasse den økonomiske ramma og likviditet er framleis gjeldande.

Helse Vest har i haust gjennomført ein prosess relatert til konsekvensvurdering av ØLP som blei behandla i junimøtet. Det har vært gjennomført ein – til –ein møter med føretaka både i forkant og etterkant av statsbudsjettet, kor nivået på investeringsplanar, økonomi og handtering av likviditet har vært drøfta. Problemstillinga rundt statsbudsjett 2023 har blitt særskilt drøfta, og da i særleg grad forholdet rundt manglande løns- og prisjustering i 2022 som isolert sett gir ei tilleggsutfordring på om lag 650 mill. kroner årleg i dei kommande åra.

Framlegg til inntektsfordeling til helseføretaka i regionen etter at Statsbudsjettet vart kjend er ikkje ferdigstilt frå Helse Vest. Derfor er dette ikkje innarbeida av helseføretaka i deira konsekvensvurdering av ØLP, med unnatak av at Helse Stavanger har lagt inn føresetnader for å ta høgde for statsbudsjettet. Administrerande direktør har gjort vurderingar av dette i denne saka, men endeleg vurdering vil bli gjort i samband med konsernbudsjettet i februar 2023 når helseføretaka har behandla sine årsbudsjett og vedtatt statsbudsjett er kjent. I ØLP saka i juni 2022 stilte ein spørsmål om ein skulle auke grensa for minimum likviditet i konsernet frå 500 millionar kr til ein milliard kr som ein følgje av auka risiko med høgare inflasjon og høgare renter. I denne saka vil likviditeten bli under 0 i 2026 og ein er avhengig av at føretaksgruppa klarer å betre likviditeten ved høgare resultat, auka løyvingar frå staten eller større nedtrekk av investeringane.

Det er viktig at ein tar utgangspunkt i dei kjende økonomiske rammene og at det er den økonomiske berekraft som er førande for kva investeringsnivå ein kan legg til grunn i økonomisk langtidsplan.

Etter ei samla vurdering vil derfor administrerande direktør tilrå følgjande hovudkonklusjon i denne konsekvensvurdering av ØLP:

- Investeringsprosjekt som allereie er i gang eller er i sluttfasen må ferdigstillast
- Investeringsprosjekt der det ikkje er inngått forpliktande avtale må vurderast på ny i forhold til avklaring på dei økonomiske rammene og berekraft
- Føretaka kan uansett halde fram med planleggingsarbeidet og legge til rette for at investeringsprosjekt eller delar av investeringsprogrammet kan bli lagt fram til avgjerd når dei økonomiske rammene og berekraft er forsvarlege.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtar konsekvensvurdert Økonomisk langtidsplan for 2023-2027.
2. Resultatkravet for perioden 2023 blir bestemt i konsernbudsjettsaka i februar. Resultatkrav for resten av perioden blir vedtatt i samband med behandlinga av rullert ØLP i juni 2023.
3. Dei økonomiske rammene i Statsbudsjett 2023 gir ikkje økonomisk berekraft og likviditet til å gjennomføre alle investeringane i det omfang som helseføretaka har lagt til grunn i konsekvensvurdert ØLP. Det blir derfor gitt følgjande vedtak relatert til kvart av helseføretaka.
 - a. Helse Stavanger HF
 - i. Styret gir sin tilslutning til føretaket sin konsekvensvurdert ØLP der første fase av byggetrinn 2 i Helse Stavanger blir utsett på ubestemt tid
 - ii. Vurdering og tildeling av interne lån blir gjort i eiga sak eller i Konsernbudsjettsaka i februarmøte
 - b. Helse Fonna HF
 - i. Styret i Helse Vest RHF har ikkje behandla forprosjektrapporten til Haugesund sjukehus byggetrinn 2. Framdrifta i prosjektet må tilpassast tilgjengeleg likviditet og berekraft. Føretaket må utarbeide ein revidert framdriftsplan til byggetrinn 2 der ein har ein oppstart som er av mindre omfang og som kan styrast kontrollert innafor økonomisk berekraft og tilgjengeleg likviditet.
 - ii. Prosjektet er tildelt lån frå staten og må derfor meldast av til Helse- og omsorgsdepartementet at utbetalingsplanen for lån til prosjektet må forskyvast til seinare år.
 - c. Helse Bergen HF
 - i. Investeringsprosjekta Glassblokkene, Protonsenter og eventuelle prosjekt der det er inngått forpliktande avtale blir vidareført.
 - ii. Føretaket har negativ likviditet og har behov for bruk av driftskreditt. Investeringsporteføljen må tilpassast og justerast i tråd med økonomisk berekraft og tilgjengeleg likviditet. Endeleg omfang av investeringsporteføljen må bli behandla i økonomisk langtidsplan i juni 2023 kor nivået på investeringane blir vurdert opp mot oppdatert økonomisk berekraft og utvikling i tilgjengeleg likviditet.
 - iii. Administrerande direktør blir bedt om å orientere Helse- og omsorgsdepartementet om endra framdrift på investeringsporteføljen i

Helse Bergen, men at det vil bli søkt om lån til denne så snart det er ein avklaring på økonomiske rammer og berekraft.

d. Helse Førde HF

- i. Styret gir sin tilslutning til at Livabygget og Svana 1 blir ferdigstilt og at Svana 2 og 3 blir satt på pause inntil ein har avklart økonomisk berekraft og likviditet
 - ii. Føretaket må gjere ei ytterlegare vurdering på omfang av investeringar og tilpasse desse i tråd med økonomisk berekraft og tilgjengeleg likviditet i samband med budsjett 2023 og rullering av ØLP våren 2023.
 - iii. Nye Førde sjukehus er tildelt lån frå staten og det må derfor meldast av til Helse- og omsorgsdepartementet om oppdatert utbetalingsplan.
4. Investeringsplanen til Helse vest IKT omhandle i stort auka digitalisering og blir vidareført for å legge til rette for ein meir effektiv kvardag i sjukehusa.
 5. Helse Vest RHF gjennomfører eit kapitalinnskot på til saman 2 mrd. kroner i 2023. Sak om dette blir lagt fram i styremøtet i februar 2023.
 6. Helseføretaka må i planperioden drive verksemda i tråd med årlege budsjetttrammer og nasjonale og regionale føringar.
 7. Helseføretaka må styre og prioritere investeringane innanfor tilgjengeleg likviditet i økonomisk langtidsplan. Dersom resultatet endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringsplanen.
 8. Eventuelle overskridingar eller prisendringar i byggjeprojekta må handterast innafor det tilgjengelege finansieringsgrunnlaget til det enkelte helseføretak. Dette inneber at det kan vere aktuelt å ta ned investeringsomfanget eller utsette delar av investeringane.
 9. Dei årlege investeringsbudsjetta blir vedtatt i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. Avgjerda om og gjennomføring av investeringar må følgje fastsette retningslinjer for investeringar. Denne saka gir ikkje godkjenning for gjennomføring av dei enkelte projekta eller tilhøyrande lån.

Sak 120/22 Inntektsfordeling og resultatkrav 2023

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Styret i Helse Vest behandla i møte den 13/6-2022 sak 059/22 Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2023. Førebels inntektsfordeling blei vedtatt før sommaren for å gi helseføretaka eit best mogleg grunnlag for arbeidet med budsjett- og omstillingsprosessane. St.prp. nr.1 (2022 – 2023) forslag til statsbudsjett 2023 blei lagt fram den 6. oktober 2022.

Stortinget vil vedta statsbudsjettet rett før jul. Administrerande direktør legg med dette fram forslag til inntektsramme og resultatkrav 2023 med basis i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett inklusive tilleggspolisproposisjon. Helseføretaka skal i løpet av desember vedta sine budsjett for 2023. Sak om konsernbudsjett 2023 vil bli lagt fram for styret i februar 2023.

Oppdragsdokumentet 2023 frå Helse- og omsorgsdepartementet er venta å bli sendt over til dei regionale helseføretaka tidleg i januar 2023. Det må derfor takast atterhald for budsjettmessige konsekvensar som måtte komme som følgje av bestillinga frå HOD og eventuelle endringar i statsbudsjettet under Stortinget sin endelege behandling.

I statsbudsjettet er det lagt opp til å styrke dei regionale helseføretaka sin økonomi med til saman 2,7 mrd. kroner. Dette gir grunnlag for ein samla vekst på 1,5 % samanlikna mot saldert budsjett 2022. Det er i det samla budsjettopplegget lagt inn eit generelt krav om effektivisering på 263 mill. kroner som inneber at den faktiske auken i økonomien til sjukehusa blir 2,437 mrd. kroner.

Regjeringa har lagt til grunn at samla auke i aktivitet kan bli realisert innafor 80 % av gjennomsnittleg behandlingstkostnad, som eit krav om effektivisering.

Det er lagt til grunn ein pris- og lønsvekst på 3,8% frå 2022 til 2023.

Det er ikkje gitt kompensasjon for auka løns- og prisvekst ut over deflator på 2,7% for 2022. Dette gir ei forverring i økonomiske rammer i 2023 på om lag 3,4 mrd. kroner. For Helse Vest utgjør dette om lag 650 mill. kroner. Dette er ein utfordring som vil vare ved i dei kommande åra dersom dette ikkje blir handtert i ei eller anna form i kommande budsjettframlegg frå staten.

I tillegg er det ei underregulering av offentlege refusjonar for laboratorie- og radiologiområdet på om lag 67 mill. kroner.

Grunna et stramt statsbudsjett og pågåande budsjettforhandlingar på Stortinget vart fastsetting av resultatkrav for 2023 utsett. Resultatkrava vil difor behandlast i samband med konsernbudsjettsaka i februar 2023.

Styremedlemmar valt av og blant dei tilsette peika på viktigheita av å ta med tillitsvalde i diskusjonar om økonomi og prioriteringar.

Styret ønskja ein redgjerse for berekning av pensjonskostnadar og analyse av gjestepasientstraumar og vekst i gjestepasientkostnadar til eit seinare møte.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtok fordeling av inntektsramme 2023 for helseføretaka. Detaljert bestilling for dei enkelte helseføretaka blir lagt i styringsdokument for 2023.

Inntektsramma 2023 fordelt pr. helseføretak:

INNTEKTSFORDELING 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 986 799	903 169	3 083 972	610 665	336 479	-	6 921 084
SUM, basisramme fordelt etter modell	5 504 836	2 818 737	7 911 927	2 400 432			18 635 932
Resultatbasert finansiering	41 782	17 559	66 865	13 294			139 500
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	494 978	211 513	1 345 177	102 240	636 591	3 747 016	6 537 515
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	7 955	2 348	161 841	1 656	0		173 800
SUM, inntekt 2023 fordelt frå RHF	8 036 350	3 953 327	12 569 781	3 128 287	973 071	3 747 016	32 407 831

- Administrerende direktør får fullmakt til å foreta endringar og eventuelle korrigeringar innanfor den samla ramma. Administrerende direktør får og fullmakt til å fordele budsjettpostar som står med samlebeløp i Helse Vest RHF på helseføretaka og private ideelle.
- Resultatkravet for 2023 blir fastsett i behandlinga av Konsernbudsjettsaka i februar.

Endeleg investeringsrammer for helseføretaka blir fastlagt i sak om Konsernbudsjett 2023 i styremøte i februar 2023.

Sak 121/22 Langsiktig finansiering Helse Vest IKT 2023

Oppsummering

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at det er behov for å auke langsiktig låneramme med 270 mill. kr.

Vedtak (samrøystes)

- Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med 250 mill. kr til totalt 2 048 mill. kr.
- Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
- Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som er knytt til investeringane.

Sak 122/22 A Styringsdokument 2023 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS – framdriftsplan

Oppsummering

Styringsdokument til helseføretaka og Helse Vest IKT AS for 2023 vil bli lagt fram for endeleg behandling i styremøte den 15. februar 2023. I denne saka blir overordna framdriftsplan og utkast til kapitteinndeling presentert.

Styret gir eventuelle innspel til tema/oppdrag som bør løftast fram i styringsbodskapet til helseføretaka.

Styret hadde følgjande innspel tema/oppdrag som bør løftast fram i styringsbodskapet til helseføretaka:

- Utvikle handlingsplan for forbedring av overgang frå barneavdeling til vaksenavdeling i sjukehusa. Ungdomsråda bør inviterast til å delta i arbeidet.
- Grensekrenkjande åtferd – førebygging og pasientsikkerheit, handtering, meldekultur
- Samhandling primær/spesialisthelseteneste
- Berekraft – utvida ambisjonar jf. ny regional utviklingsplan
- Adressere “den nye normalen” som ein ramme og ta inn over seg at rammevilkåra truleg vil vere annleis framover

Vedtak (samrøystes)

Styret ba om at innspela til styringsdokumenta til helseføretaka i Helse Vest og Helse Vest IKT AS for 2023 blir tatt til følge i den vidare prosessen fram mot endeleg styrebehandling den 15. februar 2023.

Sak 122/22 B Oppnemning av regionalt brukarutval

Oppsummering

Regionalt brukarutval vert oppnemnd for to år om gongen.

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) Vestland og Rogaland, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar (SAFO Sørvest), Pensjonistforbundet, Kreftforeningen, Vestland innvandrerråd og Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO) har sendt inn forslag til representantar til Regionalt brukarutval i Helse Vest for funksjonsperioden 2023-2025.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest oppnemner følgjande medlemmer og vara-medlemmer til det regionale brukarutvalet (RBU) i Helse Vest RHF for funksjonsperioden 1. januar 2023 - 1. januar 2025:

Medlemmer:

- Atle Lunde, FFO Rogaland
- Harald Kvame Hansen, FFO Vestland
- Astrid Gytri, FFO Vestland
- Tore-Johnny Agledal, FFO Vestland
- Cicer T. Aarrestad, FFO Rogaland
- Hege Skjelbred-Knudsen, Kreftforeningen
- Hege Kornberg Christensen, SAFO Sørvest
- Sigrun Marit Hansen, Pensjonistforbundet

- Joe R. Aseerwatham, Vestland Innvandrerråd
- Lene Therese Mindaas, RIO

Vara-medlemmer:

- Elisabeth Bjørheim Salte, FFO Rogaland
- Gunn Sande, FFO Vestland
- Vidar Myhren, FFO Vestland
- Anfinn Feng Hammer, FFO Vestland
- Wenche Drengstig, FFO Rogaland
- Anita Üstün, Kreftforeningen
- Else-Berit Ingvaldsen, SAFO Sørvest
- Hans Otto Robberstad, Pensjonistforbundet
- Sajjad Younas, Vestland Innvandrerråd
- Ingen innkomne forslag til vara frå RIO

2. Styret oppnemner leiar og nestleiar for regionalt brukarutval.

Leiar: Atle Lunde

Nestleiar: Harald Kvame Hansen

Sak 123/22 Rekruttering og kompetanseutvikling i Helse Vest

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Vedlagte kunnskapsrapport peikar på moglege retningar, handlingsrom og tiltaksområde.

Ein samla helseteneste opplever at det er krevjande å behalde og rekruttere helsepersonell. Det viktigaste er at det er strategiar og tiltak som bidrar til å behalde og vidareutvikle dei medarbeidarane ein har i tenesta. Å rekruttera dei rette nye medarbeidarane ein vil ha behov for, må ein uavhengig av det viktigaste gjere i takt med framtidige behov. Tilgang på personell med rett kompetanse er ein føresetnad for at Helse Vest også i framtida kan tilby pasientar rett og tilstrekkeleg behandling. Med utgangspunkt i nasjonale framstillingar vurderer rapporten utdanningskapasitet og eksisterande kompetansesamansetjing i Helse Vest, og likeins det framtidige utfordringsbiletet for ulike personell grupper fram mot 2035.

For nokre fag må føretaka heile tida sikre at ein rekrutterer/utdannar nok personell til å erstatte dei medarbeidarane som naturleg avsluttar yrkeskarrieren sin.

I tillegg til utviklingsplan og Helse2035 legg administrerande direktør til grunn at ein må lukkast godt med:

1. Behalde og utvikle dei medarbeidarane ein har (vere fundamentet uavhengig av alle andre tiltak)
2. Halde fast ved dagens høge faglege kvalitet

3. Styrke pasienttryggleiken
4. Nytte digitalisering for å støtte arbeidsprosessar som bidrag for å unngå høgare ressursforbruk

Rapporten peikar på nokre viktige overordna utfordringar:

- Fram til 2035 vil om lag 10 000 av dagens medarbeidarar vere over 62 år, (fast tilsette)
- Med ein årleg turnover tilsvarande tala for 2021 vil 19 032 medarbeidarar slutte i føretaka, (fast tilsette)

Føretaksgruppa hadde ved utgangen av november 2022 om lag 24 000 faste tilsette. Turnover og aldersutviklinga inneber at det vil vere marginalt tal av dagens tilsette igjen i helseføretaka i 2035. Då har ein ikkje tatt omsyn til andre forhold som kan påverke ein berekraftig utvikling for spesialisthelsetenesta på Vestlandet.

Det er fleire andre forhold som kan forsterke seg i tida framover. Ein kan nemne oppbygging av tilbod utanfor den offentlege spesialisthelsetenesta.

Denne kombinasjonen av hendingar må vi meistre. Helse Vest må evne å ha tiltak som kan behalda ein offentleg robust spesialisthelseteneste på Vestlandet.

Rapporten frå Helsepersonellkommisjonen blir lagt fram i februar. Rapporten vil bli tema på felles styreseminar i Helse Vest i februar.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok saka til etterretning.
2. Styret legg til grunn at saka og vedlagte kunnskapsgrunnlag må inngå i det vidare arbeidet etter at endeleg utviklingsplan føreligg.
3. Styret legg til grunn at det blir gjennomført framskrivingar som tar opp i seg aktuelle modifiserande faktorar. Styret ber om årleg sak om å behalda medarbeidarar, rekruttering kompetanseutvikling i føretaksgruppa.

Sak 124/22 Rekruttering innan psykisk helsevern

Oppsummering

Som del av styrets Topp 5 risiko er det gjennomført og levert rapport for Ekstern turnover; [Ekstern turnover rapport.pdf \(helse-vest.no\)](https://helse-vest.no/ekstern-turnover-rapport.pdf)

Rekruttering til psykisk helsevern har vore ei utfordring som den seinaste tida har forsterka seg. I tillegg viste analysar gjennom arbeidet med ekstern turnover at det har vore vanskeleg å behalde fagleg kapasitet blant psykologar/psykologspesialistar og psykiatrar. Dette har og forsterka seg ytterlegare gjennom det vi har kalla aggressiv rekruttering frå andre aktørar

mot våre medarbeidarar. Til det siste er det gjort tiltak for å sikre at rammeavtaleleverandørane konstruktivt bidrar med vikarar når det er behov for det, at dei oppttrer med god forretningsskikk. Dei har alle bekrefta at dei ikkje skal rette rekrutteringstiltak mot medarbeidarar i helseføretaka.

Ei særskild utfordring er at det etablerer seg andre forretningsmodellar frå aktørar vi ikkje har rammeavtale med. Bruk av slike aktørar når føretaka har akutte bemanningsbehov for psykologar og psykiatrar må opphøyrast omgåande. Føretaka går gjennom kva leverandørar som er nytta utover rammeavtaleleverandørane.

Vi har etablert eit felles regionalt prosjekt; Berekraftig utvikling for psykisk helsevern og rus. Det blir gjennomført med same metodikk som for Berekraftig utvikling for intensivsjukepleiarar. Prosjektet vil bli avslutta i løpet av februar 2023. Før heile arbeidet er gjennomført vil vi vere forsiktige med å løfte fram framtidig behov, organisering og kva tiltak som må til for å ha ein robust kapasitet i et langsiktig perspektiv.

Arbeidet er i tråd med plan. Det er eit godt engasjement og brei involvering ifrå fagmiljøa og helseføretaka. Sjølv prosessen er viktig for å løfte fram dei ulike problemstillingane og moglege tiltaksområder. Styret vil motta rapporten frå prosjektet når den føreligg, og arbeidet har høg merksemd og prioritet både i RHF-et og i HF-a.

Det viktigaste på kort sikt er å redusere ekstern turnover.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok saka til orientering.
2. Styret ønskjer ein sak med tiltak og plan så snart prosjektrapporten føreligg.

Sak 125/22 Innspel til statsbudsjettet for 2024

Saka var felles for alle 4 RHF og difor ikkje på nynorsk.

Oppsummering

I vedlegg 1 til foretaksprotokoll av 10. januar 2022 er det forutsatt at de regionale helseforetakene gir innspill til statsbudsjett for 2024 innen 1. desember 2022.

De fire regionale helseforetakene har i fellesskap vurdert aktivitetsbehovet for 2024 innen somatiske tjenester, psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusmiddelbehandling (TSB).

I tillegg omhandler innspillet fra de regionale helseforetakene noen overordnede tema av betydning for statsbudsjettet for 2024.

Det er fremma likelydende styresaker for de fire regionale helseforetakenes styrer.

Vedtak (enstemmig)

1. Styret slutter seg til foreliggende vurderinger av aktivitetsforutsetninger for somatiske tjenester, psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling som innspill til statsbudsjett for 2024.

2. Styret ber videre om at følgende forhold vurderes nærmere i forbindelse med statsbudsjett for 2024:

- Behov for økt basisbevilgning
 - Finansielle rammebetingelser
 - Budsjettforutsetningen om at vekst kan håndteres innenfor 80 pst marginalkostnad er ikke bærekraftig på sikt
 - Kostnader vedrørende finansiering av behandlingshjelpemidler
 - Kostnader knyttet til mål for miljø/klima
 - Finansiering av legemiddelområdet
 - Utdanning
 - Beredskapsarbeid
- Etablering av nasjonalt beredskapslager for smittevernutstyr
- Investeringer
 - Endring av renteberegningsregimet ved langsiktige lån
 - Underfinansiert kostnadsvekst
- Avvikle ordning med egenandel for de regionale helseforetakene for driften av ordningen "dom til tvungen omsorg"
- Driftsfinansiering av protonsentor i Helse Vest og Helse Sør-Øst

3. Styret ber om at innspillet oversendes Helse- og omsorgsdepartementet.

Tilleggspunkt fra styret i Helse Vest RHF:

4. Styret i Helse Vest RHF understreker at den generelle utfordringen i å beholde og rekruttere personell i spesialisthelsetjenestetjenesten - herunder fagfolk innen IKT-området - vil kreve tiltak og påvirker driftssituasjonen og mulighet for gjennomføring av nødvendig omstilling i foretakene.

Sak 126/22 Oppdragsdokument – Felleseigde selskap

Saka var felles for alle 4 RHF og difor ikkje på nynorsk.

Oppsummering

Denne styresaken er behandlet i det interregionale AD-møtet 21. november 2022 og fremlegges likelydende i de fire regionale helseforetakene. Saken omhandler utarbeidelsen av oppdragsdokumenter til de regionale helseforetakenes felleseide helseforetak for 2023, hva som legges til grunn for arbeidet samt prosess for arbeidet frem mot at oppdragene gis de felleseide helseforetakene i foretaksmøte 13. februar 2023.

Saken gir en overordnet oversikt over:

- A. Felles føringer som legges for alle felleseide helseforetak
- B. Hovedprioriteringer for de enkelte foretakene

I Helse Vest RHF skal det gjennomførast møte med konserntillitsvalde før endeleg behandling i RHF AD-møtet.

Vedtak (enstemmig)

1. Styret slutter seg til forslaget til oppdragsdokumenter for de felleseide helseforetakene, med de merknader som fremkom i møtet.
2. Administrerende direktør gis fullmakt til å slutføre dokumentene i samarbeid med de øvrige RHF-ene.

Sak 127/22 Nasjonal framskrivningsmodell psykisk helsevern og rus

Saka var felles for alle 4 RHF og difor ikkje på nynorsk.

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Den nasjonale framskrivningsmodellen for psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling (TSB) ble overlevert Helse- og omsorgsdepartementet 1. juli 2021. Modellen tok utgangspunkt i aktivitetsdata for 2019, for å vurdere utviklingen av helsetilbudet i årene frem mot 2040. Det ble anbefalt at modellen skulle revideres hvert fjerde år. I kjølvannet av koronapandemien har det vært en stor økning i henvisninger innen psykisk helsevern barn og unge og psykisk helsevern voksne, noe som gjør at det har vært nødvendig å gjøre en fornyet framskrivning av behov. Denne saken presenterer hovedfunn fra den fornyede gjennomgangen.

Flere helseforetak har i dag utfordringer med å beholde og rekruttere personell innen psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling. Det vil være avgjørende å beholde, utvikle og rekruttere personell for å kunne gi gode tilbud til befolkningen.

Administrerende direktør anbefaler styret å ta utredningen til orientering, og anbefaler at det arbeides videre med tiltak for å rekruttere og beholde personell med vedlagte rapport som utgangspunkt.

Den endelige versjonen av rapporten som etter planen skal sendes Helse- og omsorgsdepartementet innen 31.12.2022.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret slutter seg til den fornyede framskrivningen av behov i nasjonal framskrivningsmodell for psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling og ber om at den fremlagte rapporten legges til grunn for videre arbeid i regionen.
2. Styret ber om at det arbeides videre med tiltak for å øke kapasiteten på prioriterte områder innen psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling, der det er nødvendig på kort og lengre sikt.
3. Styret ber om at det arbeides med tiltak for å beholde, rekruttere og utvikle personell innen psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling slik at behov for bemanning og kompetanse dekkes.

Sak 128/22 Internrevisjonssak - Økonomistyring i byggeprosjekt

Oppsummering

Det vart i 2021 gjennomført eit internrevisjonsprosjekt av korleis helseføretaka i Helse Vest handterer økonomisk risiko i byggjeprojekt .

Totalvurderinga var at helseføretaka i hovudsak følgjer opp økonomisk risiko i prosjekta på eit tilfredsstillande sett. Tilsvarande vart det ikkje identifisert vesentlege manglar i Helse Vest RHF si økonomioppfølging av store byggeprosjekt. Det vart gjort nokre observasjonar av område kor ein vurdererte at oppfølginga av økonomisk risiko kunne styrkast. Dette gjaldt både på RHF-nivå og dei undersøkte prosjekta.

Undersøkinga viste eit potensial for at det på tvers av føretak og prosjekt vert gjennomført meir regelbunden og systematisk erfaringsoverføring. Til tross for skilnadar som krev lokale tilpassingar verka prosjekta på ulike område å ha etablert gode praksisar som kan gje læringspunkt på tvers av prosjekta.

Styra i RHF-et og HF-a behandla rapporten og handlingsplanar frå administrasjonane i september og oktober 2021.

På seinhausten i år sende internrevisjonen ut brev til alle føretak kor vi bad om ei tilbakemelding som beskreiv kva som er gjort frå administrasjonen si side innan dei tema rapporten tok opp. Føretaka ble bedd om å sjå til tilrådingane i rapporten, og den handlingsplan som de hadde lagd fram for sitt styre.

Internrevisjonen ser seg i det store nøgd med dei tilbakemeldingane som har komme inn. Samtidig ønskjer internrevisjonen å vise til at det er noko variasjon i kva grad råda frå revisjonen er teken til følge i dei respektive føretaka. Undersøkinga viste at det mellom prosjekta eksempelvis er skilnadar når det gjeld systematisk bruk av usikkerheitsanalysar og usikkerheitsstyring for å handtera økonomisk risiko. Dette er framleis gjeldande. Relatert til dette registrerer internrevisjonen at krav om oppdaterte usikkerheitsanalysar er tekne inn i Helse Vest RHF sin oppdaterte "Prosedyre for avgjerd og gjennomføring av investeringsprosjekt" (behandla i Helse Vest RHF sitt styre den 20.04.22, sak 49/22).

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 129/22 Statens eigarskapsmelding

Oppsummering

Sidan 2002 er det i kvar stortingsperiode lagt fram for Stortinget ei melding om staten sitt samla direkte eigarskap. Ny eigarskapsmelding blei presentert den 21. oktober 2022. Hovudlinjene i eigarskapspolitikken ligg fast, men gjennom meldinga vil regjeringa vidareutvikle og tilpasse eigarpolitikken til moglegheiter og utfordringar i dette tiåret med sikte på auka verdiskaping i heile Noreg og ein god og berekraftig forvaltning av det statlege eigarskapet.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 130/22 Lokale utviklingsplanar for helseføretak og private ideelle institusjonar

Oppsummering

Saka handlar om utviklingsplanane til helseføretaka i Helse Vest. Saman med Helse Vest sin strategi, Helse2035, dannar dei mykje av grunnlaget for Helse Vest sin regionale utviklingsplan. Den regionale utviklingsplanen er lagd fram i ei eiga sak.

Utviklingsplanane til helseføretaka er handsama og godkjende i dei respektive HF-styra. I tillegg skal styret i Helse Vest RHF godkjenne dei. Utviklingsplanane for dei private ideelle med driftsavtale er vedtekne i eigne styre, og oversendt til Helse Vest RHF til orientering.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF tar utviklingsplanane til Helse Fonna HF, Helse Bergen HF, Helse Stavanger HF og Helse Førde HF til etterretning.
2. Styret tek utviklingsplanane frå dei private ideelle med driftsavtale med Helse Vest RHF til orientering.

Sak 131/22 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 01.11.2022

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 1 november og behandla følgjande saker: Godkjenning av innkalling og dagsorden

- Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 13.06.2022
- Status på internrevisjonen
- Prosjektmandat - brukarmedverknad i helseføretaka
- Administrative reaksjonar mot autorisert helsepersonell i opptaksområda til Helse Vest RHF – ei oppdatering av saka frå 13.06.22
- Openheitslova
- Leiinga sin gjennomgang i Helse Vest RHF 2022

- Revisjonsplan 2023-24 – status
- Læring på tvers av uønskete hendinger – presentasjon og gjennomgang av revisjonen (Deloitte deltek under denne saka)
- Årshjul for revisjonsutvalet
- Nye skriv, meldingar og artiklar med relevans for revisjonsutvalet
- Eventuelt

Styret vert orientert om revisjonsutvalet sitt arbeid gjennom protokollane.

Vedtak samrøystes

Styret tok protokoll frå møte i revisjonsutvalet 01.11.2022 til orientering.

Sak 132/22 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Jan Oddvar Gjerde orienterte om at leiar av dei regionale brukarutvala har hatt møte med Helse- og omsorgsdepartementet og gitt innspel til oppdragsdokumenta for 2023.

Dei regionale brukarutvala har mellom anna gitt innspel til følgjande punkt i oppdragsdokumenta for 2023:

- Heilskaplege pasientforløp og kliniske studiar
- Likeverdig pasientbehandling - sikre at pasientgrupper innan rus, psykiske lidingar, muskel- og skjelett-, smerte- og utmatting, multisystemiske sjukdommar og typiske kvinnesjukdommar utan anerkjente biomarkørar får likeverdig tilgang til helsetenester og behandling i spesialisthelsetenesta.
- Brukarmedverknad i felleseigde selskap

Leiar av RBU orienterte også om at dei regionale brukarutvala i alle RHF-a har gitt innspel til Unntaksordning for nye metodar.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tek orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 133/22 Eventuelt

Habilitering – Barnas fysioterapisenter i Bergen (OJH)

Anskaffingsprosessen på kjøp av tenester innan habilitering og rehabilitering er utsett i 6 mnd. Helse Vest har inngått avtale om å kjøpe tenester frå Barnas fysioterapisenter i 6 mnd. fram til anskaffinga er avklart.

Kjøp av Helsetenester

Styret blei orienterte om pågåande prosessar knytt til kjøp av helsetenester.

Skriv og meldingar

Skriv 01 – Referat frå møte i Regionalt brukarutval i Helse Vest 27. oktober 2022

Skriv 02 – Brev frå Koronautvalet til RHF 31. oktober 2022 – Informasjonsinnhenting

Skriv 03 – Nyheitsbrev frå Helse Vest RHF til avtalespesialistar 10. november 2022

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Lukka del

Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør blei behandla i etterkant av styremøtet i lukka møte jf. Helseføretakslova § 26 a, 2.ledd nr. 1.

Sak 134/22 Vurdering av administrerande direktør og regulering av lønn

Oppsummering

Etter helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerande direktør. Ein del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet administrerande direktør gjer og utøving av rolla som dagleg leiar for det regionale helseføretaket.

Det høyrer til styret å fastsette lønn til administrerande direktør, jf. Helseføretakslova § 36.

Vedtak (samrøystes)

Administrerande direktør si lønn blir regulert opp med 3,8 % med verknad frå 1. januar 2022. Styret var samde om tilleggsavtale for administrerande direktør i Helse Vest RHF, med dei endringane som blei gjort i møtet.

Styret si eigenevaluering

Styret si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør var gjennomført som ein elektronisk spørjeundersøking.

Styret sin gjennomgang og dialog om resultatet av spørjeundersøkinga var ikkje ein del av styremøtet, men blei gjennomført i lukka møte i etterkant av styremøtet.

Oppsummering frå styret si eigenevaluering blir oversendt Helse- og omsorgsdepartementet.

Ref. 07.12.2022 Torunn Nilsen

Agnes Landstad	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Anne Karin Hamre	Medlem
Oddvar Kaarbøe	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Tord Anton Haaland	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Marie Skontorp	Medlem
Egil Olsen	Medlem